


Det er no vi kan stoppe klimakrisa!

Klimakampen er ein dugnad. Politikarane må gjere sitt. Du og eg må gjere vårt. I fasteaksjonen er du invitert til å sette ditt eige klimamål (sjå baksida). Når fasteaksjonen er ferdig, tar vi med oss alle måla til klimaminister Ola Elvestuen.



Norge må kutte 53 prosent

Kirkens Nødhjelp og Changemaker krev at regjeringa set eit tøffare klimamål. Dette målet må vere at Norge sine klimagassutslepp i 2030 blir 53 prosent lågare enn i 1990. Kravet tar utgangspunkt i konklusjonen i rapporten «Norway's Fair Share of meeting the Paris Agreement».

Les meir på 53prosent.no.




KIRKENS NØDHJELP
actalliance



CHANGEMAKER

Det er no vi kan stoppe klimakrisa!

Klimakampen er ein dugnad. Politikarane må gjere sitt. Du og eg må gjere vårt. I fasteaksjonen er du invitert til å sette ditt eige klimamål (sjå baksida). Når fasteaksjonen er ferdig, tar vi med oss alle måla til klimaminister Ola Elvestuen.



Norge må kutte 53 prosent

Kirkens Nødhjelp og Changemaker krev at regjeringa set eit tøffare klimamål. Dette målet må vere at Norge sine klimagassutslepp i 2030 blir 53 prosent lågare enn i 1990. Kravet tar utgangspunkt i konklusjonen i rapporten «Norway's Fair Share of meeting the Paris Agreement».

Les meir på 53prosent.no.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



CHANGEMAKER

Vel eit klimamål

Vi kan alle vere ein del av klimaløysinga. Sjekk menyen under og set eit kryss ved det klimamålet du vil bidra med.

Reis meir saman

Det er ikkje mogleg å ta buss eller trikk overalt i Norge. Innimellom er ein nøydd til å køyre bil for å få gjort det ein skal. Men prøv gjerne å leite etter meir miljøvenlege måtar å kome seg fram på. Høyr om du kan sitte på med nokon som skal same veg, eller gå heile vegen med ein god podkast på øyret.

Et meir grønt

Ein kjøtfri middag i veka kan spare om lag eit halvt kilo klimagassutslepp. Bra for helsa – og bra for kloden!

Skru ned temperaturen

I løpet av ein kveld med panelovnen på full guffe bidreg du til klimagassutslepp tilsvarande 0,25 kilo CO₂. Ved å skru ned temperaturen nokre hakk før du går heimafrå, kan du minske utsleppa dine betydeleg.

Fiks det sjølv

For kvar ny ting vi kjøper må kloden tåle litt meir klimautslepp. Men med litt tolmod kan du lære deg å reparere tinga dine, i staden for å kjøpe det same ein gong til.

Kjøp brukt

Når du veit kva du har lyst på, sjekk om det finst brukt før du går til butikken. Ofte kan du spare ein god slump pengar på å sjekke stadar som sel brukt. I snitt kastar kvar nordmann 23 kilo kle i året, så jo meir vi alle vel brukt – desto betre.

Reis meir langs bakken

Noko av det luraste du gjer for klimaet, er å finne andre måtar å reise på enn å fly. Det finst utruleg mange fine stadar som berre ligg ein tog- eller busstur unna.

Gje bort meir morosame gåver

Hva med å gje bort opplevingar i bursdagsgåve og til jul? Ein tur på kino, piknik i parken eller gåvekort på barnevakt, kan vere vel så fine gåver som ting.

Signatur (fornamn er nok)

Vel eit klimamål

Vi kan alle vere ein del av klimaløysinga. Sjekk menyen under og set eit kryss ved det klimamålet du vil bidra med.

Reis meir saman

Det er ikkje mogleg å ta buss eller trikk overalt i Norge. Innimellom er ein nøydd til å køyre bil for å få gjort det ein skal. Men prøv gjerne å leite etter meir miljøvenlege måtar å kome seg fram på. Høyr om du kan sitte på med nokon som skal same veg, eller gå heile vegen med ein god podkast på øyret.

Et meir grønt

Ein kjøtfri middag i veka kan spare om lag eit halvt kilo klimagassutslepp. Bra for helsa – og bra for kloden!

Skru ned temperaturen

I løpet av ein kveld med panelovnen på full guffe bidreg du til klimagassutslepp tilsvarande 0,25 kilo CO₂. Ved å skru ned temperaturen nokre hakk før du går heimafrå, kan du minske utsleppa dine betydeleg.

Fiks det sjølv

For kvar ny ting vi kjøper må kloden tåle litt meir klimautslepp. Men med litt tolmod kan du lære deg å reparere tinga dine, i staden for å kjøpe det same ein gong til.

Kjøp brukt

Når du veit kva du har lyst på, sjekk om det finst brukt før du går til butikken. Ofte kan du spare ein god slump pengar på å sjekke stadar som sel brukt. I snitt kastar kvar nordmann 23 kilo kle i året, så jo meir vi alle vel brukt – desto betre.

Reis meir langs bakken

Noko av det luraste du gjer for klimaet, er å finne andre måtar å reise på enn å fly. Det finst utruleg mange fine stadar som berre ligg ein tog- eller busstur unna.

Gje bort meir morosame gåver

Hva med å gje bort opplevingar i bursdagsgåve og til jul? Ein tur på kino, piknik i parken eller gåvekort på barnevakt, kan vere vel så fine gåver som ting.

Signatur (fornamn er nok)